

# Prekenverkstedet



<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

## 13. s n i treeiningstida - 19. august 2018

Preiketekst: Luk 12,41-48

Lesetekst I: 2 Kr n 1,7-12

Lesetekst II: Ef 4,11-16

## FORVALTAREN

Kyrkjetekstane om sommaren er ingen lettvinnt 'sommarfl rt'! Heller ikkje no mot slutten av skuleferien. Ingen sval solgangsbris, ingen lun strandjakke.

Tekstutvalet i kyrkja tek sj lvsagt ikkje h gde for skiftande  rstider eller for romslege feriar i Norge. Her heng ting i hop p  ein annan m te, s ndag for s ndag, periode etter periode. Livet med Jesus endrar seg kanskje etter korleis me har det, men Ordet og kyrkja vil l ra oss det berande gjennom alle tider, og korleis det ang r livet undervegs mot m let.

### 'Er det oss du siktar til?'

sp r leiarane Peter. Herren har nett fortald om brennande lampe og oppbunden kjortel, alts  teikn p  f rebuing.

*Er det oss? Og det var det.* Det er oss: j de f rst, so heidning, l resvein og apostel f rst, s  kvar ein lem p  Kristi kropp, jfr epistelteksten.

Herren har ordna det visleg til i sitt hushald! Nokre er kalla til   leia, det kjende b de Peter og dei andre til fr  Israels historie. Abraham, Moses, eller Salomo, jfr begge lesetekstane (2 Kr n 1 og Efes 4).

### Leiarane sin Gud

Abrahams, Isaks og Jakobs Gud var nettopp d t: Gud for desse leiarane i gudsfolket. Slik kunne dei igjen syna veg for sine inn til den same Gud og Herre. Dei var forvaltarar over Guds veg og vilje, til signing og frelse for folket.

Herren sp r etter leiarane sitt v  og vel, seier Jesus. Er dei trufaste mot kallet, eller solar dei seg i glansen? Leier dei, eller sl r dei seg til ro, med 'mange ting liggande for mange  r'?

'Kven er den trufaste og kloke hushaldaren?' sp r Jesus. 'Oikonomos', heiter det p  gresk. Folket Israel fekk i si tid dette vervet:   vera lys og los, om enn lite i seg sj lv. Ved den 12- tta truskapen mot himmelens Gud, skulle dei vekkja undring mellom folkeslaga: kven er dette? Kven er denne Israels Gud? (2 Sam 7,26, m fl)

Og Jesu 12 utvalde st r i same tradisjonen: kalla og utrusta til forvaltarar over 'Guds mangfaldige n de'.

### Hushaldaren

Forvaltaren risikerer mykje; hans skal st  til rette for Herren. Undervegs lokkar latskap og likes la. I utf ring av kall og teneste kan hjarta verta sj lvoppteke eller uforsonleg.

Hushaldaren skal ha si merksemd retta mot den han st r til rette for, og nettopp difor ogs  sj  til at folket f r det dei etter Guds vilje har rett til. Han kan '*ha all tru s  han kan flytta fjell*', men er han utan kj rleik, d  '*er han ingen ting*'. Han har f tt til disposisjon, men kan sj lv 'eta av lasta', ja, m 

gjera det, skal det vera truverdig.

### **Ære og ansvar**

Det står om tru og (evig) liv for den som leier, men på same tid er det 'tenestefolket' det handlar om. Evangeliet må delast og levast, det er forvaltaren sitt store, signerike kall. Tenk, for ei æra å bli vald av Nådens Gud og Herre til å forvalta denne store skatten, til beste for dei mange! 'Et stort og alvorlig kall', det er sant, men også 'en sjelden gave'.

Dei som skal preika denne søndagen, bør kjenna seg på heilag grunn, men også retta ryggen og på Jesu vegne ropa inn til 'mat i rette tid'.

No startar snart eit nytt skuleår. Små og unge skal ta til seg av det dei blir serverte, av kunnskap og erfaring. Desse unge 'læresveinar' må òg få halda fast i ei trygg Jesus-hand, anten i klasserommet eller utanfor (eller begge delar).

Trygge, ansvarsbevisste leiarar trengst meir enn nokon sinne, både i kyrkje og samfunn. Slike som har si glede og si kjelde og sitt kall i Herren.

'Er det oss du siktar til?' Ja, visst er det det!

Salme til dagen: N 658 *Guds menighet! Lukk opp din munn*

### **Geir Paulsen**

Sokneprest i Luster / krinsstyreleiar SFj

[geir.paulsen@kyrkja.luster.no](mailto:geir.paulsen@kyrkja.luster.no)